



VANYLVEN KOMMUNE

Rådmannen

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr/Arkiv</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Avd/Saksansvarleg</i>	<i>Dato</i>
2012/779	6045/2016 / Q64		RÅD / KOLTER	21.06.2016

Uttale frå Vanylven kommune til NTP 2018 – 2021

Stad skipstunnel må realiserast i første fireårsperiode av Nasjonal transportplan (2018-2021)

Stad skipstunnel ligg inne som nye investeringsprosjekt i høg ramme. Vanylven, Selje og Vågsøy kommune ber om at dette prosjektet vert flytta fram på prioriteringslista i lav ramme med byggestart i starten av første fireårsperiode av Nasjonal transportplan (2018-2021). Realisering av Stad skipstunnel er viktig for sikkerheita og tryggleiken for skipsfarta langs kysten. Dette havstykket har høgare risiko for ulykker enn andre strekningar langs norskekysten, og ulykker vil bli redusert ved realisering. Stad skipstunnel er viktig for næringstransport, kollektivtransport/hurtigbåtar og fritidstrafikken langs kysten. Skipstunnelen vil knyte saman Vestlandet på ein heilt ny måte, og verte ein turistattraksjon som kan gje positive ringverknadar knyt til reiseliv og turisme.

Næringsinteresser

For næringslivet vil Stad skipstunnel bety sikre leveransar, mindre ventetid, kortare transporttid og at kvaliteten på råvarer som skal frakast forbi Stad held seg god. Det er i dag svært myke næringsrelatert trafikk rundt Stad, blant anna innan fiskeri og havbruk, verftsbransjen/maritim industri, bergverk, turisme m.m. For alle disse vil høve for stabil transport gjennom ein skipstunnel ha stor verdi.

Miljø

I dag går mykje av transporten rundt Stad med trailer, på grunn av ulempene med å runde det usikre Stad-havet i all slags vêr. Stad skipstunnel vil bidra til å flytte transport og tungtrafikk vekk frå eit tungt belasta vegnett. Dette vil spare både driftsutgifter og miljø, og slitasje på vegnettet, samt redusere trafikkulykker på vegane våre.

Regionbygging

Stad ligg i ein region med store moglegheiter innan næringslivet. Den store utfordringa er dårlege kommunikasjonar på land. Dette gir dårlege moglegheiter for pendling og små,

usamanhengande bu- og arbeidsmarknadar. Stad skipstunnel vil knyte saman Vestlandet på ein heilt ny måte. Med hurtigbåt gjennom Stad skipstunnel vil det være fullt mogleg å dagpendle mellom kommunane nord og sør for Stad. Enklare transport til flyplass vil også bety mykje for næringsliv og innbyggjarar.

Turisme

Stad skipstunnel vil vere verdens første skipstunnel. Dette vil ha stor betyding for regionen, Vestlandet og Norge som reisemål.

Med helsing

Lena Landsverk Sande
ordfører